



Sula Bedriftsteneste as

Postboks 100, 6039 Langevåg  
Besøksadresse:  
Fyllingsjøen 28, 6030 Langevåg  
Telefon: 70 19 89 00  
Telefax: 70 19 89 01  
NO 966 406 135 MVA  
admin@sula.as www.sula.as

## **TILBOD PÅ BYGGING AV INDUSTRIBYGG I TILKNYTING TIL EKSISTERANDE BYGG. PREKVALIFISERING AV LEVERANDØRAR**

**De vert med dette invitert til å vere med i ei prekvalifisering av leverandører på nemnde leveranse. Prekvalifiseringa vil ta utgangspunkt i vedlagt materiale.**

**Frist for innsending av naudsynt dokumentasjon, er sett til:  
15. juni - 2008, - kl. 12.00**

*Sula Bedriftsteneste AS er ei VTA bedrift (VTA = Varig Tilrettelagt Arbeid) som ligg i Langevåg i Sula Kommune. Bedrifta er eigd av Sula Kommune og har ca 40 tilsette. Sula Bedriftsteneste har 5 avdelingar som no er lokalisert på 4 ulike stader i Langevåg. Vi ynskjer å samle alle avdelingane under eitt tak, og vil difor bygge eit industribygg til dette.*

Sula Bedriftsteneste AS inviterer med dette til prekvalifisering av leverandører i samband med at vi skal oppføre eit industribygg ved Fyllingsjøen i Langevåg. Bygget skal innehalde industrilokaler og fellesareal, og skal oppførast i 2 etg. Med ei vurdert grunnflate på 700 kvm. Bygget skal vere prosjektert til vidare utbygging, og skal innehalde fylgjande: Vaskeri, - Sy og Seglmakarverkstad, - Tekstiltrykkeri, - Mekanisk Verkstad - og Vedproduksjon og Utegruppe.

Tomta er i dag utskoten og grovplanert.

### **ANBODSFORM:**

Ein vil nytte avgrensa anbod der bedrifta etter ei prekvalifisering, vel ut inntil 5 firma til å gi tilbod, jfr lov om "offentlige anskaffelser".

Prosjektet vert utlyst som totalentreprise med kontraktsbestemmingar grunna på NS 3431

### **GRUNNLAG FOR VAL AV LEVERANDØR.**

Verksemder som vert kvalifisert til å vere med i valet og som får delta i den avgrensa anbodskonkurransen, skal tilfredstille fylgjande krav:

Dokumentasjon på deltaking og gjennomføring av liknande eller tilsvarande prosjektkonkurranse. Det skal framleggast eit skisseprosjekt for ein slik konkurranse, og i tillegg opplysast omrelevante prosjekt der vedkomande firma har hatt totalentreprisen.

Organisasjonsplan som viser korleis firmaet vil organiser gjennomføring av prosjektet. Det skal ligge føre dokumentasjon av CV- for dei personer innan eige firma, evt. Samarbidende firma, som skal ta del i prosjektet.

Kort beskrivelse av korleis firmaet tenkjer seg gjennomføring av prosjektet med spesiell fokus på samarbeid med byggherren i utforming av grunnlaget for prosjektet og i gjennomføring av prosjektet.

Siste årsmelding og rekneskapstal skal ligge føre ved innsending.

Det skal og ligge føre skatteattest for meirverdiavgift og skatt. Dette skal innsendast samtidig med overnemnde dokumentasjon. Slike attestar skal ikkje ver eldre enn 6 månader, og gjeld alle firma som skal ta del i totalentreprisen.

Det skal ligge føre HMS- egenerklæring frå alle firma som skal ta del i totalentreprisen. Erklæring skal innsendast samtidig med øvrige erklæringar.

Vi har sett av 27.05.08. – Kl. 13.00 for synfaring av tomta.

Frist for innsending av dokumentasjon er sett til: 15.06.08. – Kl. 12.00

Anbod må vere bedrifta i hende innan 1. august. Og antyde byggestart og ferdigstilling.

Igangsetting av arbeidet er avhengig av ein garanti og ei godkjenning frå eigaren vår, Sula Kommune.

Adresse: **Sula Bedriftsteneste AS, PB 100, 6039 Langevåg**

Telefon: 70 19 89 00 Fax: 70 19 89 01 Epost: rolf@sula.as

Kontaktperson: Rolf Gudmundseth

Med helsing  
**Sula Bedriftsteneste AS**

Rolf Gudmundseth  
Dagleg leiar